



## Personvernerklæring for SKNG

*Endra seinast 7.11.2018*

**Kontrollutvalssekretariatet er ansvarleg for behandlinga av personopplysningar hjå oss. Personvernerklæringa handlar om korleis vi i vårt kontrollutvalssekretariat tek imot og brukar informasjon om dykk som kan identifiserast i våre arkiv og datalager. Erklæringa inneholder informasjon som du har krav på når det blir samla inn eller vi mottekk opplysningar gjennom vår kontakt med kommunar, andre offentlege organ og private. Den gjev også generell informasjon om korleis vi behandler personopplysningar.**

Dagleg leiar ved kontrollutvalssekretariatet er behandlingsansvarleg (controller) for verksemda si behandling av personopplysningar. Det er friviljug for dei som har kontakt med sekretariatet, eller med andre som uttalar seg på vegne av nokon av våre kontrollutval, å oppgi personopplysningar i samband med tenester som å ta i mot informasjon, rettleiing, m.v. frå oss.

Grunnlaget for at vi skal kunne registrere/behandle slike opplysningar er samtykke frå den enkelte, med mindre anna behandlingsgrunnlag er spesifisert.

## 1. Personopplysningars som kan bli registrerte hjå oss

Det enkelte kontrollutvalet har eit vidt høve til å krevje informasjon, dvs. rett til «*enhver opplysning, redegjørelse eller ethvert dokument og foreta de undersøkelsrer som det finner nødvendig...*» (kontrollutvalsforskrifta § 5). I kraft av dette vil personopplysningars kunne bli registrerte hjå oss, også utan at dei er innhenta av oss.

Denne personvernerklæringa rettar seg mot vår behandling av personopplysningars om fylgjande personar:

- Personar som er involverte i saker som kontrollutvala behandler
- Private som offentleg forvaltning har informasjon om gjennom ulike former for sakstilknyting og våre ansvarsfelt
- Folkevalde og tilsette i kommunane
- Informantar som vender seg til oss i høve verksemda vår
- Eksterne varsalarar i kommunale organ
- Andre personar som er omtala i saksdokument eller annan skriftleg informasjon som vi får tilgong til

Enkeltpersonar som det vert behandla personopplysninger om vert kalla «**den registrerte**» (data subject).

Uavhengig av om opplysningsane om deg er opne for offentleg innsyn eller det gjeld teieplikt for dei, slik at dei ikkje blir meddelte til andre, så vil kontrollutvalssekretariatet i sitt arbeid for kontrollutvala i kommunane få tilgjenge til personopplysningars.

Definisjonen av personopplysningars er vid. Det treng ikkje vere tale om noko som er personsensitivt, slik som enkeltpersonar sine personlege eigenskapar og bakgrunn. Personopplysningars er **alt som direkte eller indirekte kan knytast til ein person**, til dømes:

- namn og telefonnummer
- observert framferd hjå personen
- sporingsdata og IP-adresser som kan knytast til personen
- vurderingar og profilar av vedkomande

Eit anna nøkkelomgrep er «Profilering», dvs. samanstilling og analyse av informasjon om personen, t.d. kva han likar, framferd, helse, hans/hennar økonomiske situasjon, osv.

## 2. Føremål, typar personopplysningars og rettsleg grunnlag

Gjennom våre undersøkelsar og kontakt med enkeltsaker, både som lekk i våre sjølvstendige undersøkingar og gjennom arbeid som kommunen sin revisjon leverer på vår bestilling, vil vi få tilgong til personopplysningars.

Eit av dei viktigaste **behandlingsgrunnlaga** våre vil normalt vere at tilgongen til personopplysningane

- er nødvendig for å utføre ei oppgåve som det offentlege har interesse i  
eller bruke offentleg mynde

**Avgrensing av føremål:** Personopplysninga skal samlast inn for spesifikke og rettkomne føremål som er uttrykkeleg oppgitte og ikkje behandlast vidare på ein måte som ikkje kan sameinast med desse føremåla... («formålsbegrensning»)

**Handtering av saker:** Enkelte saker føre r til at vi får tilgong til personopplysninga om partar eller andre enkeltpersonar som er involverte i ei sak eller ei avgjerd. Slike opplysningar kan kome fram av dokument som kommunen sin administrasjon sender oss eller av annan informasjon i høve saka. I enkelte saker kan vi også få tilgang til sensitive personopplysninga, f.eks. helseopplysninga eller straffedommar og lovbro.

Behandlingsgrunnlaget er vår interesse i å gjere oss nytte av informasjonen om enkeltpersonar arbeidet vårt med å tilrettelegge saka for kontrollutvala eller i nødvendig kommunikasjon som vi har med andre organ.

**Lagring og oppbevaring av saksdokument:** Utfrå arkivlova og arkivforskrifta oppbevarar vi arkivverdig materiale etter at saka er avslutta. Det vert elles lagra så lenge vi vurderer det nødvendig. Dette kan vere av omsyn til vår eiga verksemd, fordi ei sak eller enkelte spørsmål igjen kan bli aktuelle, og av omsyn til å ettergå utvikling i praksis innan vedkomande kommune etter ei viss tid.

**IT-drift og tryggleik:** Personopplysninga som er lagra i vårt IT-system vil kunne vere tilgjengelege for oss eller for leverandørane våre i samband med oppdatering av system, implementering eller oppfylging av tryggleikstiltak, feilretting eller anna vedlikehald.

### **3. Kven vi deler personopplysningar med**

Leverandørane våre av IT-tjenester vil kunne ha tilgong til personopplysningars dersom personopplysningars er lagra hjå leverandøren eller på annan måte er tilgjengeleg for leverandøren etter kontrakten med oss.

**Databehandlar** (processor) behandler personopplysningars etter avtale med behandlingsansvarlege.

Leverandørane opptrer i samsvar med databehandlaravtale og under vår instruks.

Leverandøren kan berre nytte personopplysningane for dei føremåla vi har bestemt og som er gjorde greie for i denne personvernerklæringa.

For kontrollutvala sine sekretariat gjeld forvaltningslova sine alminnelege reglar slik som teieplikt, jfr. forvaltningslova §§ 13 flg., og kontrollutvalsforskrifta § 5, samt eventuelle andre reglar i spesiallovgivinga.

Vi leverer ikkje ut personopplysningars i andre tilfelle eller på andre måtar enn dei som er gjorde greie for i denne personvernerklæringa med mindre personane det gjelder

- eksplisitt oppfordrar til dette
- samtykkjer til dette eller
- utleveringa er lovpålagd

### **4. Lagring av personopplysningars**

Vi vil slette / anonymisere personopplysningars når:

- Opplysingane ikkje lenger er nødvendige for føremålet

Vi lagrar saksdokument i XX år(, før dei vert sende/overførde til arkiv for lagring i ytterlegare [X] år).

Rekneskapslovgivinga pålegg oss elles å lagre bestemte regnskapsdokument i eit nærrare definert tidsrom. Når eit bestemt føremål tilseier lagring i eit gitt tidsrom, sørger vi for at personopplysningane utelukkande vert nytta for det aktuelle føremålet i dette tidsromet.

### **5. Personvernombod for kontrollutvalssekretariata**

Ettersom sekretariata representerer offentleg mynde, har vi gjennom vår faglege organisasjon Forum for kontroll og tilsyn (FKT) slutta oss til eit eige eksternt personvernombod for verksemda. Personvernombudet vårt er advokat Kjetil Kvammen. Du kan lese meir om kva personvernombodet er på FKT si side:

<http://www.fkt.no/fagtema/kontrollutvalgssekretariat/personvernombud-for-kontrollutvalgssekretariat>

Kontaktinformasjon til personvernombodet:

Tittel/namn: Advokat MNA Kjetil Kvammen  
Epost: advokat@kvammen.no

## 6. Rettane dine

Du har rettar i høve til personopplysningar som omhandlar deg. Kva for rettar du har, kjem an på tilhøva. Her vert nemnt:

**Trekkje samtykke tilbake:** Dersom du har gitt samtykke til behandling av personopplysningar, kan du når som helst trekkje samtykket ditt tilbake ved å vende deg til oss om dette.

**Be om innsyn:** Alle som spør har krav på å få grunnleggjande informasjon om korleis ei verksemd behandlar personopplysningar. I denne erklæringa omtalar vi kva for opplysningar vi samlar inn og korleis dei vert brukte. Dersom du er registrert i kontrollutvalssekretariatet sine datasystem, har du rett på innsyn i dine eigne personopplysningar. Du har rett til innsyn i kva for personopplysningar vi har registrert om deg, så langt teieplikta ikkje er til hinder for dette. For å sikre at personopplysningar vert utleverte til rett person, kan vi stille krav om at oppmoding om innsyn skjer skriftleg eller at identitet vert verifisert på annan måte.

Alle forespurnader om innsyn i personopplysningar kan rettast til vår behandlingsansvarlege, sjå kontaktinformasjonen som er oppgitt nedenfor.

**Be om retting eller sletting:** Du kan be oss om å rette feilaktige/mangelfulle opplysningar vi har om deg eller be oss om å slette personopplysningar. Vi vil så langt som muleg imøtekome ein forespurnad om å slette personopplysningar, men vi kan ikkje gjere dette dersom det er tungtvegande grunnar for ikkje å slette, for eksempel at vi må lagre opplysningane av dokumentasjonsomsyn. Kravet ditt vil bli behandla innan 30 dager.

**Dataportabilitet:** I nokre tilfelle vil du kunne ha høve til å få utlevert personopplysningar som du har oppgitt til oss for å få desse overførde i eit maskinlesbart format til eit anna føretak. Dersom det er teknisk mogeleg, vil det i enkelte tilfelle vere høve til å få disse overførde direkte til det andre føretaket.

**Klage til tilsynsmynde:** Dersom du er usamd i måten vi behandlar personopplysningane dine på, kan du sende inn ei klage til Datatilsynet.

## **7. Alt om dei nye personvernreglane**

Er du på jakt etter nærmere rettleiing om dei nye personvernreglane ?

Kontakt : <https://www.datatilsynet.no/>

## **8. Kontakt oss**

Dersom du har spørsmål eller kommentarer til personvernerklæringa vår, eller du vil gjøre gjeldande rettane dine, kan du ta kontakt med oss i **kontrollutvalssekretariatet**:

Tittel/namn: Morten Sørhage  
Epost: morten.sorhage@lom.kommune.no  
Telefon: 469 11018